



Vegdirektoratet

Lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare

Dei siste åra har gitt oss ei tydleg påminning om klimaendringane. Fleire flaumar, jordskred og steinskred har råka vår region. Av alle fylka i landet vårt er det særskilt Vestland og Sogn og Fjordane som får kjenna naturkreftene på kroppen, no sist med hendingane i Jølster, Førde og Gloppen.

Sogn regionråd er av den klåre oppfatning at fagmiljøet på regionvegkontoret i Leikanger med Geo- og skredseksjonen på ressursavdelinga og Vegavdeling Sogn og Fjordane har vore direkte medverkande til at naturhendingane som har råka fylket vårt har vorte handtert til minst mogleg ulempe for innbyggjarane. Det samla fagmiljøet har vist framifrå kompetanse og vilje til å medverka til gode løysingar for at dei vegfarande kjem seg trygt fram. Denne kompetansen vert også trekt fram nasjonalt.

Vi ser at fagmiljøa som over tid har vorte utvikla på regionvegkontoret på Leikanger har høg status. Leiarar i dei offentlege verksemdene fortel om god rekruttering av høgt kvalifisert personell.

Høgskulen på Vestlandet med Campus Sogndal har fleire relevante utdanningar, mellom anna på institutt for miljø og naturvitenskap der bachelorstudiet i geologi og geofare og masterstudiet Climate Change Management som tek føre seg klimaendringar, flaum og skred. Vi har også eit sterkt forskingsmiljø knytt til klimatilpassing, klimapolitikk og berekraftig utvikling som har hatt eit tett samarbeid med miljøet på Leikanger. Her finn ein også Vestlandsforskning som utfører forskings- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentlig sektor. Her vert det også forska innan klima og miljø og teknologi og samfunn. Vi har også Noradapt som er eit nasjonalt senter for berekraftig klimatilpassing.

Naturen i regionen omfattar alle naturtypene som finst i Noreg, dette kombinert med vêrtilhøva gir studentar, forskarar og andre fagpersonar unike moglegheiter til å studera dei endringane som vil skje i åra framover. Desse kvalitetane, utdanningane og forskingsinstitusjonane kombinert med attraktive arbeidsplassar, mellom anna i Statens vegvesen, trekkjer til seg mange dyktige studentar og fagpersonar som vel å busetja seg i regionen.

Sogn regionråd er av den oppfatning at lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare bør leggjast til Leikanger. Det sterke fagmiljøet der vil vera med å utvikla og styrka den nasjonale kompetansen innan feltet. Frå før har fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vedteke å legge Veg til Leikanger nettopp på grunn av det sterke fagmiljøet som allereie er lokalisert på regionvegkontoret. Nærleik til den operative delen av etaten vil etter vårt syn vera ein stor føremon. I tillegg vil det sterke fagmiljøet på Leikanger vera med på å utvikla både utdannings- og forskingsmiljøa som allereie er i regionen.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift